




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven vgs

Årsmelding skoleåret 2024-25



Innholdsliste

1. Rektor har ordet	2
2. Nøkkelopplysningar om skolen	5
2.1 Organisasjonen	5
2.2 Utdanningsprogram og elevtal	6
2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1	7
3. Læringsmiljø	9
3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga	9
3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet	10
3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad	11
4. Skoleårsresultat	13
4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring	13
4.2 Karaktersnitt	15
4.3 Fråvær	17
4.4 Elevar som har slutta	18
4.5 Overgangar	20
5. Leiing og profesjonsutvikling	22

1. Rektor har ordet

Langsiktig arbeid gir resultat – Sykkylven vidaregåande skule har gjennom fem tiår utvikla eit læringsmiljø prega av trivsel, tryggleik og fagleg vekst.

I 2024 feira vi skulen sitt **50-årsjubileum** – ei markering som samla elevar, tilsette, tidlegare medarbeidarar og mange gode vener av skulen. Jubileet vart feira med ein storslått fest fylt med mat, musikk og tilbakeblikk på femti år med læring, fellesskap og utvikling.

Ein eigen redaksjonskomité gav ut eit **jubileumshefte** med bilete og historier frå 1974–2024 – ei levande forteljing om korleis Sykkylven vgs har vore ein sentral del av lokalsamfunnet gjennom generasjonar.

Gjennom tiltak som VIP-makkerskap, elevmedverknad og inkluderande praksis har skulen skapt ein kvardag der elevane trivst og utviklar seg. Elevundersøkinga stadfestar dette, og vi held fram med å byggje ein skule der alle kan blomstre.

Lågt fråvær og få som sluttar viser at elevane ønskjer å vere her – og det er vi stolte av. Med mål om at 90 % av elevane skal fullføre og bestå, har vi styrka innsatsen på overgangar, tilpassa opplæring og tett oppfølging. Resultatet er tydeleg: **Sykkylven vgs har ei av dei høgaste gjennomføringsratane i fylket.**

Internasjonalisering er ei prioritert satsing i fylkeskommunen, og Sykkylven vgs har vore ein aktiv aktør sidan 1996. Med eiga **Erasmus+-akkreditering** har skulen etablert eit solid fundament for internasjonalt samarbeid og elevmobilitet. Heile éin tredel av elevane deltek i internasjonale prosjekt og får verdifulle erfaringar med språk, kultur og samarbeid.

Den årlege internasjonale veka i mars 2025 samla elevar og lærarar frå alle våre samarbeidsland, og er eit høgdepunkt i skuleåret. Internasjonalisering er ein integrert del av vår pedagogiske praksis.

Gjennom **ungdomsbedrifter** og samarbeid med lokalt næringsliv får elevane erfare skaparglede i praksis. Entreprenørskap er ein pedagogisk metode som gir meistring, engasjement og framtidstru. Dette skuleåret fekk vi 1. plass for beste standoppleving – eit bevis på kreativitet og fagleg stoltheit.

Sykkylven er tradisjonelt møbelbygda, men kan i høgste grad kallast **teknologibygd**. Her finn vi innovative industribedrifter med høg kompetanse innan automatisering og robotisering. Sykkylven vgs er ein aktiv del av dette lærande og framtidsretta miljøet, og dreg nytte av synergieffektar gjennom tett samarbeid med næringslivet.

Våren 2025 opna vi **TekLab** – ein ny og framtidsretta læringsarena på tvers av utdanningstilbod. TekLab er eit unikt samarbeid mellom skule og næringsliv og gir elevane tilgang til moderne teknologi og autentiske læringssituasjonar. Gjennom samarbeid med bedrifter som Ekornes får elevane opplæring i dei mest moderne industrirobotane på marknaden, og skulen har eigen robotlab.

Årleg deltek skulen med elevar og tilsette på **Teknologifestivalen**, arrangert av industrien og samarbeidspartnarar. Festivalen byr på inspirerande foredrag, bedriftsbesøk og faglege møtepunkt som styrkar både kompetanse og motivasjon.

Sykkylven vgs er ein del av eit teknologirikt miljø, og vi er stolte av å vere ein innovativ skule innan bruk og opplæring i teknologi.

Resultata kjem ikkje av seg sjølve. Dei er eit resultat av langsiktig og målretta arbeid, der leiing, tilsette, elevråd og skulemiljøutval spelar ei viktig rolle.

Gjennom femti år har Sykkylven vidaregåande skule vore ein lærande organisasjon i stadig utvikling – og jubileumsåret 2024 viste at tradisjon og framtid går hand i hand når ein held fast på verdiane trivsel, tryggleik og fagleg vekst.

Skaparglede-bygda

"If you can dream it, you can do it," sa Walt Disney. Dette er noko mange av elevane våre får erfare gjennom deltaking i Ungt Entreprenørskap.

For elevar som driv ungdomsbedrift i løpet av eit skuleår, inneber det både frustrasjon og hardt arbeid – men aller mest meistring, samarbeid og praktisk læring.

Skulen vår har lange tradisjonar med å bruke entreprenørskap som pedagogisk metode. Det å vere ein del av Skaparglede-bygda forpliktar, men gir samstundes opne dører til samarbeid med det lokale næringslivet.

I skuleåret 2024–2025 har vi hatt to ungdomsbedrifter på Vg2 Industriteknologi. Begge har utvikla gode produkt og har gjennomført fleire oppdrag.

I faget Entreprenørskap og bedriftsutvikling 1 har fem ivrige ungdomsbedrifter jobba frå idé til ferdig produkt, med stor grad av kreativitet og innovasjon.

Eit høgdepunkt er at Sykkylven kommune har leigd inn eit konsulentfirma for å prosjektere uteområdet ved Sykkylven ungdomsskule. Raw & Refined UB stod for produksjon av 6-kantane i tre medan lokalt næringsliv produserte stål og betong- elementa.



Figur 1. Uteområde ved Sykkylven ungdomsskule, stort bidrag av elevar frå Sykkylven vgs.


2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	30
Tal på årsverk i leiarstillingar	3
Tal på årsverk andre tilsette	2,9

Rektor, assisterande rektor og tre avdelingsleiarar utgjør leiinga ved skulen. Assisterande rektor har ein stab på 3 merkantile. Avdelingsleiar for studiespesialisering har personalansvar for 14 lærarar, avdelingsleiar for Teknologi og industrifag og Elektrofag har 8 lærarar. Avdelingsleiar for tilrettelagt samt Helse- og oppvekst har 6 lærarar og 6 fagarbeidarar. Totalt er det 42 tilsette ved skulen. Skulen har ei 40 % stilling som IT-superbrukar.

Det pedagogiske personalet utgjør 11 lektorar med tilleggsutdanning, 10 adjunktar, 7 lærarar i tillegg til 5 skuleleiarar. I det samla personalet ved skulen er det ca. 62% kvinner og 38% menn.



Figur 2. Organisasjonskart for Sykkylven vgs.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	24	13		37
Helse og oppvekstfag	25	8		33
Teknologi og industrifag	24	11		35
Studiespesialisering	34	35	26	95
Påbygging til generell studiekompetanse			29	29
Total	107	67	55	229

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	13
---	----

Elevtalet ved Sykkylven vidaregåande skule har auka frå 221 til 229 elevar. Dette viser ein positiv utvikling i rekrutteringa og stadfester at skulen framleis har sterk lokal forankring. Det er framleis flest elevar på yrkesfag, noko som samsvarer med nasjonale trendar. Særleg innan Teknologi- og industrifag og Elektro og datateknologi er det stabil og god søking, noko som reflekterer det lokale kompetansebehovet i regionen.

Auken i talet på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring (frå 7 til 13 elevar) viser at elevgruppa er meir mangfaldig enn tidlegare. Dette gir både utfordringar og moglegheiter, og understrekar behovet for systematisk arbeid med språkstøttande og inkluderande praksis.

Elevgrunnlaget speglar i stor grad nærskuleprinsippet, men Sykkylven vgs trekkjer òg til seg elevar frå nabokommunar. Det bidreg til mangfald og læringsfellesskap på tvers av bakgrunn, og styrkar både det faglege og sosiale miljøet.

Samanlikna med tidlegare år ser vi noko jamnare fordeling mellom programområda. Dette kan knytast til godt rådgjevingarbeid i ungdomsskulen og tett samarbeid med næringslivet.

2.3 Føresetnader – grunnskulepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskulepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	2023-24	2024-25	Fylket 2024-25
0 eller ingen	9,5%	9,3%	9,3%
0 – 25	4,2%	0%	3,0%
25 – 30	10,5%	7,5%	5,5%
30 – 35	8,4%	15,9%	11,5%
35 – 40	15,8%	19,6%	17,2%
40 – 45	21,1%	22,4%	21,7%
45 – 50	11,6%	16,8%	18,2%
Over 50	18,9%	8,4%	13,5%

2.3.2 Grunnskulepoeng vg1 – utvikling over tid

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Sykkylven vgs	40,3	38,8	42,7	40,7	40,4
Fylket	42,2	42,2	42,5	41,3	41,1

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Grunnskulepoenga for elevar som starta på Vg1 i 2024–2025 viser ein stabil situasjon samanlikna med førre år, med eit gjennomsnitt på 40,4 poeng mot 40,7 i 2023–2024. Skulen ligg dermed framleis nær fylkessnittet (41,1). Det er ei jamn fordeling av elevar i mellomgruppene (35–45 poeng), medan vi ser noko færre elevar med svært høge grunnskulepoeng samanlikna med i fjor.

Dette tyder på at elevgrunnlaget er breitt og representativt for lokalmiljøet. Samstundes krev variasjonen at undervisninga er fleksibel og differensiert.

Skulen sitt system for overgangssamtalar og tett samarbeid med lokal ungdomsskule, gjer det mogleg å identifisere elevar som treng ekstra støtte allereie før skulestart. Dette samsvarer med anbefalingar frå Utdanningsdirektoratet (2023) om tidleg innsats og samanheng i læringsløpet.

Den relativt store spreininga i grunnskulepoeng peikar på behovet for tilpassa opplæring og tett oppfølging av dei som startar med svake føresetnader.

Forsking frå NIFU (Markussen mfl., 2020) viser at elevar med låge grunnskulepoeng har langt høgare risiko for fråfall i vidaregåande, men at risikoen blir redusert gjennom gode relasjonar, tydeleg klasseleiing og tidleg fagleg støtte.

Det er òg verdt å merke seg at elevane med lågare grunnskulepoeng ser ut til å lukkast betre enn forventa når ein samanliknar med gjennomføringsgraden. Dette indikerer at læringsmiljøet og laget rundt eleven fungerer godt for denne gruppa.

Når elevane møter ei opplæring som opplevast som relevant, praktisk og tilpassa, aukar både motivasjon og meistring. Skulen sitt arbeid med fagleg støtte, vurdering for læring og relasjonsbygging er truleg medverkande årsaker til den stabile utviklinga i resultata.

3. Læringsmiljø

[Sjå resultat frå Elevundersøkinga her.](#)

Læringsmiljø vg1-vg3											Trinn	Skoleår	
											Vg3	2024-25	Til forsiden
Enhet	Trivsel	Støtte fra lærer	Støtte hjemmefra	Vurdering for læring	Læringskultur	Mestring	Motivasjon	Elevdemokrati og medvirkning	Felles regler	Utdanning og yrkesveiledning (videregående)	Faglig utfordring		
Ålesund videregående skole	4,10	4,00	3,80	3,20	4,00	3,90	3,40	3,40	4,00		4,40		
Atlanten videregående skole	4,30	4,20	3,80	3,50	4,10	4,10	3,60	3,70	4,20		4,50		
Borgund videregående skole	4,20	4,20	3,70	3,80	4,30	4,10	3,90	3,90	4,40		4,40		
Gjermundnes videregående skule		4,40	4,20	3,70	4,00	3,90	3,70	3,50	4,30				
Haram videregående skule	4,20	4,00	3,90	3,40	4,00	3,90	3,30	3,60	4,20		4,50		
Hele landet	4,20	4,00	3,90	3,30	3,90	3,90	3,40	3,50	4,10		4,40		
Herøy videregående skule	4,20	4,40	3,50	3,70	3,90	3,80	3,80	3,80	4,40		4,60		
Hustadvika videregående skole	4,20	4,30	4,00	3,30	4,20	3,90	3,40	3,50	4,50		4,70		
Kristiansund videregående skole	4,10	3,90	3,70	3,30	4,00	3,80	3,40	3,40	4,10		4,50		
Molde videregående skole	4,10	4,00	3,60	3,30	4,00	3,90	3,30	3,50	4,20		4,40		
Møre og Romsdal	4,20	4,10	3,80	3,40	4,10	3,90	3,40	3,50	4,20		4,50		
Ørsta videregående skule	4,20	4,20	3,50	3,50	3,80	3,70	3,20	3,40	4,20		4,50		
Rauma videregående skole	4,10	4,10	3,90	3,30	3,80	3,90	3,30	3,20	4,30		4,50		
Romsdal videregående skole	4,20	4,00	3,80	3,30	3,90	3,70	3,30	3,40	4,20		4,50		
Spjelkavik videregående skole	4,20	3,90	3,90	3,20	4,00	3,80	3,30	3,40	4,00		4,50		
Stranda videregående skule	4,10	3,90	4,00	3,00	4,10	3,90	3,00	3,50	4,00		4,40		
Sunnal videregående skole	4,20	4,30	3,90	3,60	4,30	3,90	3,40	3,60	4,20		4,40		
Surnadal videregående skule	4,20	4,30	4,00	3,50	4,10	3,90	3,50	3,60	4,40		4,10		
Sykkylven videregående skule	4,60	4,20	4,10	3,80	4,30	4,10	3,70	4,10	4,70		4,50		
Tingvoll videregående skole		4,70	4,10	4,10	4,50	4,30	4,40	4,50	4,70				
Ulstein videregående skule	4,30	4,20	3,80	3,10	4,30	4,10	3,40	3,40	4,20		4,60		
Volda videregående skule	4,10	4,00	3,70	3,20	4,00	3,80	3,30	3,30	4,30		4,50		

Figur 3: Elevundersøkelsen 2024-2025 for vg3 ved Sykkylven vgs.

Generelt ser vi at Sykkylven vgs får sær gode tilbakemeldingar frå elevane og vi scorar best resultat blant dei fylkeskommunale skulane.

Tiltak som VIP-makkarskap og tett kontaktlæraroppfølging trekkjast fram av elevane som viktige for trivsel og inkludering.

Når det gjeld **fagleg utfordring og vurdering for læring**, viser undersøkinga ein svak framgang frå fjoråret. Dette kan vere eit resultat av auka fokus på tilbakemeldingspraksis og læringsmålstyrt undervisning. Elevane melder at dei i større grad forstår kva dei skal lære og korleis dei kan bli betre.

På **elevmedverknad** ser vi ei liten positiv utvikling, men dette er framleis eit område med forbettringspotensial. Elevane ønskjer å ha meir påverknad på arbeidsmåtar og vurderingsformer.

Mobbing og utrygt miljø ligg på eit historisk lågt nivå. Færre enn 2 % av elevane rapporterer uønskt åtferd eller krenkingar. Dette er eit resultat av systematisk arbeid frå Innsatsteamet mot mobbing, godt samarbeid med føresette og ein sterk kultur for nulltoleranse.

Samla sett viser Elevundersøkinga at Sykkylven vgs har eit robust læringsmiljø prega av tryggleik, støtte og høg trivsel. Skulen lukkast i å kombinere sosialt fellesskap med fagleg utvikling.

Fokus for komande år vil vere å vidareutvikle arbeidet med **elevmedverknad** og **vurdering for læring**, for å sikre at elevane opplever både påverknad og meistring i eiga læring.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	7
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	2
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Arbeidet med å sikre eit trygt og inkluderande læringsmiljø står sentralt ved Sykkylven vgs, og Elevundersøkinga 2024–2025 stadfestar at **elevane opplever høg trivsel og tryggleik i skulekvardagen**. Talet på aktivitetsplanar etter §12-4 og §12-5 viser at skulen har eit velfungerande system for oppfølging og førebygging, der saker blir løyst på lågast mogleg nivå. Det er ikkje registrert enkeltvedtak etter §12-7, noko som tyder på at utfordringar blir handtert raskt og i tett dialog mellom elev, kontaktlærar og leiing.

VIP-makkarskap er framleis eit kjerneelement i arbeidet for inkludering. Ordninga bidreg til at elevar får ein trygg start og etablerer gode relasjonar frå første skuledag. Skulen har òg lagt vekt på tilpassa opplæring og sosial inkludering for elevar med særskild sårbarheit, inkludert elevar med vedtak om særskilt språkopplæring. Lærarane arbeider systematisk med språkstøttande undervisningsmetodar og praktisk læring. Fråværet har halde seg stabilt og lågare enn fylkessnittet. Dette tolkar vi som eit teikn på sterk tilhøyrslø og trivsel.

Skulen sitt Innsatsteam mot mobbing følgjer opp alle saker raskt og systematisk, og har gjennom året arbeidd førebyggjande gjennom trinnmøter, temadagar og samarbeid med elevråd og skulemiljøutval. Den låge førekomsten av mobbesaker viser at innsatsen har god effekt.

Alt i alt viser utviklinga at Sykkylven vgs har eit robust læringsmiljø med sterk kultur for inkludering, og at vi har eit trygt og godt skulemiljø. Skulen har lykkast i å kombinere systematisk struktur med relasjonsarbeid og elevmedverknad. Fokus framover vil vere å vidareutvikle den inkluderande praksisen, særleg gjennom felles kompetanseheving i relasjonskompetanse og klasseleiing.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	18
Møter i skoleutval	2
Møter i skulemiljøutval (om skolen framleis har skulemiljøutval)	18

Arbeidet med elevmedverknad og vurderingspraksis ved Sykkylven vgs er godt etablert. Skulen har eit aktivt **elevråd** som møtest jamleg og samarbeider tett med leiinga om saker som gjeld læringsmiljø, trivselstiltak og vurderingsformer. Dette vitnar om eit modent elevdemokrati der elevane opplever at røysta deira blir høyrd og har faktisk

påverknad.

Skulemiljøutvalet (SMU) har vore eit sentralt organ for elevdeltaking i utviklinga av skulekulturen. Gjennom møte i løpet av året har utvalet planlagt og gjennomført tiltak som felles trivselstiltak, ryddeaksjonar og oppgraderingar av fellesareal. Slik elevinitiert aktivitet styrkjer fellesskapen og gir opplevd eigarskap til læringsmiljøet.

Elevane sine erfaringar frå undersøkinga viser at dei føler seg inkluderte og har påverknad, men at dei ønskjer meir medverknad i vurdering for læring og arbeidsmåtar.

Den sterke tradisjonen for fellesarrangement som pepperkakeprosjekt, temadagar, turneringar og trivselstiltak bidreg òg til demokratiforståing og delt ansvar for skulekulturen. Dette gir elevane praktisk erfaring med samarbeid og planlegging – ein type «samskaping» er kjerna i eit inkluderande læringsmiljø.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått – skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2024–25, prosent	93,9%
--	-------

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	95,8%	100%		97,3%
Helse og oppvekstfag	92%	100%		93,9%
Teknologi og industrifag	91,7%	90,9%		91,4%
Studiespesialisering	97,1%	91,4%	88,5%	92,6%
Påbygging til generell studiekompetanse			96,6%	96,6%
Total	94,4%	94%	92,7%	93,9%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24	2024–25
Sykkylven vgs	94,3%	90,7%	89,4%	94%	93,9%
Fylket	92,7%	91,5%	91,0%	90,8%	88,4%

4.1.4 Skolen sine kommentarer og analyse

Resultata for 2024–2025 viser at Sykkylven vidaregåande skule har ei gjennomføringsrate på **93,9 %**, noko som er blant dei høgaste i fylket og ei tydeleg framgang frå 88,5 % året

før. Dette er eit resultat av målretta arbeid over tid med å byggje sterke relasjonar, sikre tidleg innsats og tilby tilpassa opplæring.

Særleg positivt er utviklinga innan **yrkesfaglege utdanningsprogram**, der både Elektro og datateknologi og Teknologi og industrifag har oppnådd gjennomføring over 90 %. Dette viser at tett samarbeid med lokalt næringsliv, opplæringskontor og bedrifter har god effekt.

På **studiespesialisering** ligg gjennomføringa stabilt høgt (92,6 %), noko som viser at elevar med ulike føresetnader opplever meistring og støtte. Dette kan knytast til systematisk arbeid med vurdering for læring og relasjonskompetanse.

Målet om at 90 % av elevane skal fullføre og bestå er dermed oppnådd på alle trinn.

Dette tyder på at skulen har eit velfungerande lag rundt eleven, der elevar med faglege eller sosiale utfordringar blir fanga opp tidleg gjennom strukturert samarbeid mellom kontaktlærar, rådgjevar og leiing.

Vi veit at god relasjonskompetanse, tydeleg klasseleiing og elevstøttande vurderingspraksis aukar gjennomføringa. Arbeidet ved Sykkylven vgs speglar desse prinsippa, og det gode resultatet bekreftar at eit inkluderande læringsmiljø gir fagleg framgang.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Elektro og datateknologi	4,26
Helse og oppvekstfag	4,18
Teknologi og industrifag	4,00
Studiespesialisering	4,47
Påbygging til generell studiekompetanse	4,21

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Sykkylven vgs	4,16	4,15	4,23	4,10%	4,30
Fylket	4,26	4,24	4,21	4,20	4,19

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Karaktersnittet ved Sykkylven vidaregåande skule har auka til **4,30** dette skuleåret – ein tydeleg framgang frå 4,10 året før, og høgare enn fylkessnittet på 4,19. Framgangen kjem til syne på alle utdanningsprogram, noko som vitnar om systematisk og målretta pedagogisk arbeid.

Studiespesialisering har framleis dei høgaste resultata (4,47), men det er særleg gledeleg at også dei **yrkesfaglege programma** har hatt tydeleg framgang – Elektro og datateknologi frå 3,66 til 4,26, og Teknologi og industrifag frå 3,70 til 4,00. Dette viser at elevane opplever meistring og relevans i opplæringa, og at den praksisnære tilnærminga verkar etter intensjonen.

Framgangen kan koplast til tre hovudfaktorar:

Styrka vurderingspraksis: Skulen har dei siste åra arbeidd målretta med vurdering for læring, inspirert av forskning frå Gamlem (2020) og Stobart (2014). Elevane får hyppigare og meir presise tilbakemeldingar på korleis dei kan utvikle seg, noko som aukar både motivasjon og fagleg framgang.

Auka tverrfagleg samarbeid: Gjennom teamorganisering og faglege møtepunkt har lærarane utvikla ein meir samanhengande pedagogisk praksis.

Godt læringsmiljø: Elevundersøkinga viser høg trivsel og opplevd støtte frå lærarane.

Dei stabile og sterke resultata tyder på at skulen har klart å kombinere høge forventningar med støtte og relasjonar. Dette samsvarar med Utdanningsdirektoratet (2023) sine funn om at «varme og krevjande» læringsmiljø gir best læringsutbytte. Målet framover er å vidareutvikle den felles vurderingskulturen og halde oppe det faglege trykket, særleg gjennom vidare arbeid med eigenvurdering og digitale læringsverktøy som støttar tilbakemelding og refleksjon.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	7,1	15,4	5,4%
Vg1	6,3	13,9	4,8%
Vg2	7,6	12,8	5,4%
Vg3	7,9	21,5	6,7%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2020-21	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25
Sykkylven vgs	3,7%	3,1%	4,9%	5,2%	5,4%
Fylket	2,4%	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet ved Sykkylven vidaregåande skule ligg på **5,4 %**, noko som er stabilt samanlikna med førre år og klart lågare enn fylkessnittet på 7,7 %. Dette viser at elevane opplever, trivsel og motivasjon for å møte på skulen.

Den låge fråværsprosenten er eit resultat av systematisk og langsiktig arbeid for å byggje ein nærværskultur. Skulen legg stor vekt på gode relasjonar mellom lærar og elev, tidleg innsats ved fråvær og tett oppfølging gjennom kontaktlærarsamtalar.

VIP-makkarskap og trivselstiltak som SMU-aktivitetar bidreg òg til at elevane føler seg som ein del av fellesskapet.

Det er noko høgare fråvær på Vg3 enn på dei lågare trinna. Skulen har merksemd på dette og følgjer opp gjennom strukturert kontaktlærarsystem, rådgjeving og fleksibel tilrettelegging.

Samla viser tala at Sykkylven vgs har eit robust system for nærværsoppfølging. Tiltaka i rutine for fråversoppfølging verkar etter intensjonen, og fråværet blir handtert som eit læringsmiljøspørsmål – ikkje berre som kontroll. Skulen vil framover halde fram med tidleg innsats, tydeleg kommunikasjon med føresette og fokus på meistring og motivasjon for å sikre at elevane opplever glede ved å vere til stades.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2024–25

Prosent	Tal
1,7%	4

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2020–21	2021–22	2022–23	2023–24	2024–25
Sykkylven vgs	3,1%	4,2%	1,8%	0,9%	1,7%
Fylket	2,2%	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%

4.4.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråfallet ved Sykkylven vidaregåande skule er på **1,7 %** for skoleåret 2024–2025, noko som framleis er markant lågare enn fylkessnittet på 3,0 %. Trass i ein liten auke frå fjoråret (0,9 %), held skulen fram med å vere blant dei beste i fylket når det gjeld å hindre fråfall.

Tala viser at systematisk arbeid med **tidleg innsats, tett elevoppfølging og godt samarbeid mellom lærarar, rådgjevarar og leiing** verkar. Elevane som har slutta, har i hovudsak hatt særskilde personlege eller helsemessige årsaker, ikkje fagleg eller sosial mistrivsel. Dette bekreftar at læringsmiljøet er stabilt og støttande.

Skulen arbeider førebyggjande gjennom fleire strukturar:

Kontaktlæraroppfølging og nærværssamtalar sikrar tidleg fangst av elevar som slit med motivasjon eller fråvær.

Rådgjevingstenesta og samarbeid med OT/PPT bidreg til fleksible løysingar og tilrettelegging for dei som treng ekstra støtte.

VIP-makkarskap fremjar tilhøyrslø og sosial integrering – avgjerande faktorar for å hindre fråfall.

God relasjonskompetanse, tidleg kartlegging og tett oppfølging av fagleg progresjon er dei mest effektive verkemidla for å redusere fråfall. Dette samsvarer med praksisen ved Sykkylven vgs.

Samla sett viser resultata at skulen har utvikla eit robust system for oppfølging av elevar i risiko. **Den låge fråfallsprosenten er eit uttrykk for eit trygt læringsmiljø, høg trivsel og lærarar med sterk relasjonskompetanse.** Skulen vil halde fram med å styrke samarbeidet med føresette og rådgjevingstenesta for å sikre at alle elevar får fullføre og oppleve meistring.

4.5 Overgangar

I arbeidet med overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule, er det viktig å skape ein smidig og trygg overgang for elevane. Sykkylven vgs og Sykkylven ungdomsskule har eit nært samarbeid som sikrar at elevane får best mogleg støtte i denne overgangen.

Ved å dele informasjon om elevane og deira behov, kan vi tilpasse opplæringa og legge til rette for at alle elevar føler seg trygge og godt forberedt på det nye kapittelet i utdanninga si. Skulen har samarbeid med USK gjennom ulike aktivitetar som mellom annan **Skulenær**, eit samarbeidsorgan mellom skule og næringsliv. Utover dette er der fag- og utviklingssamarbeid mellom skulane og gjennom den **lokale utdannings- og yrkesmessa**.

I tillegg til samarbeidet mellom skulane, er det også eit tett samarbeid med **opplæringskontor for møbel, tre og mekanisk industri (OMTM)** og **Sunnmøre kommunale opplæringskontor**. Desse partnarskapa gir oss moglegheiter til å kartlegge kompetansebehovet i arbeidslivet og tilpasse utdanningstilbodet vårt deretter. Slik kan vi sikre at elevar som vel yrkesfagleg utdanning, får relevant og praksisnær opplæring som gjer dei attraktive for arbeidsgivarar. Mellom anna er opplæringskontoret OMTM med på å arrangere Industriturné for elevane våre for VG2 Industriteknologi og VG2 og VG3 Automatisering. Denne styrker forståinga til elevane våre om mangfaldet av bedrifter dei har rundt seg, både i Sykkylven og i Stranda kommune. Samarbeidet med OMTM er ytterlegare styrkt ved at lærarar og fagarbeidarar ved skulen har fått ta del på instruktørsamling i regi av opplæringskontoret.

Tett kontakt med **Opplæring i bedrift** er òg eit viktig ledd i overgangen mellom skule og arbeidsliv og har styrkt arbeidet med og fokuset skulen har på YFF.

Nytt av året er organisering av **fagdag** for elevane våre ved yrkesfaga. Her får elevane møte ei rekke bedrifter, opplæringskontor og organisasjonar som representerer ulike framtidige yrkesval.

Vidare er samarbeidet mellom Sykkylven vgs og lokale bedrifter avgjerande for kvaliteten på opplæringa. Gjennom nærkontakt med næringslivet kan vi tilpasse læringsinnhaldet etter kva ferdigheiter og kompetansar som etterspørjast. Bedrifter spelar ei viktig rolle i å gi elevar praktisk erfaring, og vi jobbar aktivt for å skape gode læringsarenaer der teori og praksis møtes.

Elevane våre ved studiespesialisering på VG2 og VG3 får årleg besøk av Universitetsturneen og andre sentrale aktørar som Forsvaret, Folkehøgskulane m fl. Alt i alt handlar dette arbeidet om å førebu elevane best mogleg til vidare utdanning eller læringsløp. Ved å sikre ein god overgang og skape sterke relasjonar mellom skular, opplæringskontor og næringsliv, gir vi elevane ein solid plattform for framtida. Saman bygger vi eit lokalsamfunn der både elevar og arbeidsliv kan blomstre!

5. Leiing og profesjonsutvikling

Leiinga ved Sykkylven vgs arbeider målretta for å utvikle eit profesjonsfellesskap der samarbeid, refleksjon og forskingsbasert praksis står sentralt. Skulen sin strategi for kompetanseutvikling byggjer på måla om høg kvalitet, inkludering og gjennomføring, og er forankra i fylkeskommunen sin plan for profesjonsutvikling.

Modellen som vert nytta er **tillitsbasert**, og gir lærarane stor fridom innanfor klare rammer. Arbeidet i **team** er knytt til prioriterte satsingsområde, og den fleksible organiseringa har vist seg å vere både effektiv og verdifull – og vert derfor vidareført i skuleåret 2025–2026.

Lærarane deltek aktivt i utviklingsarbeid gjennom team og profesjonsfellesskap, med særleg fokus på vurdering for læring og metakognisjon ("å lære å lære"). Slike lærande fellesskap har størst effekt når dei er forankra i felles mål og praksisnær refleksjon – noko som kjenneteiknar kulturen ved Sykkylven vgs.

Skulen har etablert gode strukturar for deling av praksis og tverrfagleg samarbeid. Dette kjem tydeleg fram i **TekLab**-satsinga, der lærarar frå ulike programområde samarbeider om teknologi, innovasjon og praktisk læring. Samhandling mellom teori og praksis styrkjer både fagleg relevans og lærarane si profesjonsforståing.

Strategiutvikling ved Sykkylven vidaregåande skule

I skuleåret 2024–2025 gjennomførte leiargruppa ved Sykkylven vgs eit utviklingsprogram over fire samlingar, leia av Kari Jørstad frå Agenda Kaupang. Målet med programmet var å utforme ein langsiktig strategi for skulen fram mot 2030.

Etter den fjerde samlinga vart skulen sin nye visjon – «*Rusta for framtida*» – formulert, og **Strategi 2030** vart utvikla med tydelege bevaringsområde og utviklingsområde.

Proessen har vore prega av involvering og medverknad, der dei tilsette har bidrege aktivt. Kvar avdeling har arbeidd med eigne utviklingsområde i løpet av 2024–2025.

Strategiarbeidet har hatt fokus på fem sentrale område:

- Omdømme
- Kompetanseutvikling og læringsarena
- Skulemiljø elevar
- Skulemiljø tilsette
- Å lære å lære

Denne breie og inkluderande tilnærminga har lagt eit solid grunnlag for vidare utvikling og kvalitet i skulen sitt arbeid fram mot 2030.

Internasjonalisering som profesjonsutvikling

Internasjonaliseringa gjennom **Erasmus+-prosjekt** og eiga Erasmus+-akkreditering har også i 2024–2025 gitt eit løft i profesjonsutviklinga. Lærarar og elevar deltek jamleg i mobilitet og partnarskap med skular i Europa, noko som gir ny pedagogisk innsikt, språkleg tryggleik og kulturell forståing. Nytt av året er praksis i utland i fire veker for Elektro og datateknologi.

Entreprenørskap som profesjonsutvikling

Entreprenørskapssatsinga ved skulen – i samarbeid med Ungt Entreprenørskap – fungerer òg som eit utviklingsverktøy for lærarane. Ved å vere rettleiarar for ungdomsbedrifter får lærarane praktisk erfaring med tverrfagleg, problembasert læring og samarbeid med næringslivet. Skulen hadde fem UB-bedrifter i skuleåret 2024–2025.

Kompetanseheving for heile personalet

31. oktober: Kunstig intelligens i skulen: ein fagdag med erfaringsdeling og presentasjonar knytt til bruk av KI i undervisninga. Det vart gjennomført utprøving av KI-verktøy basert på læringsressursar frå Magnus Nohr sitt IKTPEDMOOC-opplegg.

2. april: Psykisk helse i fokus: Psykolog Gunhild Ravnstad frå PPT leia ein workshop med tema psykisk helse. Dagen inneheldt refleksjon og erfaringsdeling med særleg fokus på *toleransevinduet* – både for elevar og tilsette.

19. juni: Klargjering av roller og ansvar: ein workshop med mål om å tydeleggjere ansvarsområda til fagarbeidarar og faglærarar. Gjennom samhandling og dialog vart budskapet «Saman er vi dynamitt» konkretisert og styrka.

Samla sett viser året 2024–2025 at Sykkylven vgs har eit profesjonsfellesskap som kombinerer sterk lokal forankring med internasjonalt blikk. Leiinga legg til rette for utvikling gjennom tillit, tydelege mål og fagleg støtte. Den kollektive læringskulturen gjer at skulen står godt rusta til å møte framtidige krav til kvalitet og innovasjon i vidaregåande opplæring.

Kompetansehevingsmidlar. DeKom

Nettverksmøter. Yrkesfaglærer 2

Kompetanse for Kvalitet

1 lærar spesialpedagogikk master, Høgskulen i Volda – stipendordning

1 lærar spesialpedagogikk 1, OsloMet (utan stipendordning)

1 lærar Vurderingspraksis i yrkesfag, NTNU – stipendordning

1 lærar profesjonsfaglig digital kompetanse, Universitet i Sørøst-Norge – stipendordning

3 lærarar avslutta PPU-Y

Copilot er nytta til språkstøtte.



Møre og Romsdal
fylkeskommune
